



Hordaland fylkeskommune ved Fylkestrafikksikringsutvalet

Att: Lise Fauskanger Ådlandsvik

Dato: 29.08.2016

Vår ref: Kristin Eli Strømme

Tollbugata 32
Postboks 277, Oslo Sentrum
0103 Oslo, Norge

Tlf: +47 22 40 40 40
hovedkontor@tryggtrafikk.no
www.tryggtrafikk.no

Innkjøp av materiell til barnehagekampanje i Hordaland

Vi viser til synt interesse frå FTU i Hordaland med ynskje om å gjennomføre ein barnehagekampanje i samband med lansering av nye Barnas Trafikklubb.

Barnas Trafikklubb feirar femtiårsjubileum i 2016. Markeringa nyttar vi til å lansere ny trafikklubb for barna. Satsinga er særleg retta mot barnehagane, sidan dei fleste barn i alderen 3-6 går i barnehage. Med ny trafikklubb kjem eit nytt trafikkunivers med eige pedagogisk opplegg, tilbod på nett, trykt materiell, nye figurar med vidare.

Trafikksikring og trafikkopplæring for barn er ei prioritert oppgåve, og Trygg Trafikk er glade for at FTU i Hordaland ønskjer å vurdere utsending til barnehagane i fylket.

Hordaland har ca. 550 barnehagar fordelt over heile fylket, og vi tilpassar tilbod til kvar barnehage noko ut ifrå kva ramme FTU ser for seg å nytte på dette. Når det kjem til tilbod til barnehagane, er fleire produkt klare, mens andre produkt truleg først er klare våren 2017. Ut ifrå produktutviklinga og for å minne barnehagane om arbeidet med trafikk, vil det ideelle vere å ha to utsendingar i barnehagekampanjen: Ei utsending i 2016 og ei utsending i første halvår 2017.

Ut ifrå ein slik plan ser me for oss følgjande alternativ for kampanjen:

Alternativ 1:

Ei ramme på totalt 230 000,-

Fordelt på ca. 550 barnehagar gir det ei ramme på ca. 418,- pr. barnehage inkl. frakt.

Alternativ 2:

Ei ramme på totalt 330 000,-

Fordelt på ca. 550 barnehagar gir det ei ramme på inntil 600,- pr. barnehage inkl. frakt.



Alternativ 3:

Ei ramme på inntil 450 000,-

Fordelt på ca. 550 barnehagar gir det ei ramme på inntil 818,- pr. barnehage inkl. frakt.

I pakkealternativa inngår også kostnader til pakking og utsending til barnehagane.

Med venleg helsing

Trygg Trafikk

Kristin Eli Strømme

Opplæringsjef

Tel: (+47) 900 33 861

E-post: stroemme@tryggtrafikk.no